

Utskrift  
av

rettsboka for Ytre Nordhordland jordskifterett for det som  
etterstående vedkjøn.

XXXXXXXXXXXXXXXXXXXX

År 1966 den 26. september vart jordskifterett  
sett i huset til Johannes Hundvin på gnr. 56,  
Hundvin i Lindås herad.

Rettsformenn: Jordskiftedommar Sverre Aardal.

Jordskiftemenn: 1. Ragnvald Sellevoll, Kvamsvåg.

2. Johannes A. Eikanger, Eikangervåg.

Protokollfører: Jordskifteteknikar Nils Kløkegg.

Sak nr. 10/1965.

Saksøklarar:

1. Marie R. Hundvin, eigar av gnr. 56, bnr. 7, Hundvin i Lindås.

2. Johannes Hundvin, " " " 56, " 8, " " "

3. Fredrik Hundvin, " " " 56, " 9, " " "

Saksøkte:

1. Reidar Nesse, " " " 56, " 12, " " "

2. Martinus Hundvin, " " " 56, " 14, " " "

3. Bjarne Hundvin, " " " 56, " 15, " " "

4. Arne Hundvin, " " " 56, " 33 og  
34, " " "

5. Mons Hundvin, " " " 56, "

6. Emma Hildremyr,

7. Svein Konglevoll, " " " 56, " 10 " " "

Saka gjeld: Grensegang for naustområdet ved Hundvinhopen  
og krav om jordskifte for sameige mellom  
bnr. 12 og 14, alle bruk under gnr. 56,  
Hundvin i Lindås herad.

Til stodes i retten var: Audun Kristiansen ved skriftleg

fullmekt frå Maria R. Hundvin,

7-89-12-14  
Tredde halvannen  
@5 315596

Johannes A. Hundvin saman med son sin

Leidulv Hundvin, Fredrik Hundvin saman med

desse tre saksøklarane møtte advokat

Wilhelm Haaland som deira prosessfullmektig.

Dessutan møtte: Reidar Nesse, Martinus Hundvin, Bjarne

Hundvin, Arne Hundvin, Mons Hundvin,

Emma Hildremyr og Svein Konglevoll.

Saksøkte nr. 2, 3, 4, 5 og 6 er alle innkalla i denne sak på grunn av at det ikkje er greidd med overføringa av bnr. 14 sin del av sameiga mellom bnr. 12 og 14 i Hundvins-  
høpen, då det vart opplyst at bnr. 14 sin del her skal etter skiftet av buet overførast til Arne Hundvin medan det framleis er Martinus Hundvin som set med heimelen til dette jordstykket.

Rettsformannen las opp §§ 106-108 i domstollova og etter tilspurnad frå rettsformannen kom der inga innvending mot retten si samansetjing og retten så seg gild i saka.

Både jordskiftemennene har før gjeve den påbodne lovnad som jordskiftemenn.

Framlagt i retten vart:

1. Krav om grensegangssak frå saksøklarane nr. 1-3 ved advokat Haaland, dagsett 20. desember 1965.
2. Skriv av 29. desember 1965 frå Reidar Nesse og Arne Hundvin vedkommande krav om jordskifte for sameiga mellom bnr. 12 og 14.
3. Skriv av 19/1 1966 frå lensmann Stene.
4. Innkalling til dette rettsmøtet av 16/7-1966 vedkommande denne sak med førebels- og endeleg mennsoppnemning vedhefta postkvittering for rek. brev til alle partar, stempla Bergen, Nordnes 16/7 1966.
5. Skriv av 1/7 1966 frå J. A. Hundvin og Fredrik Hundvin.

6. Fotostat av skriv av 8/6-1959 frå lensmann Stene til Reidar Nesse vedkomande skifte mellom saksørkte nr. 2 - 6.
  7. Fotostat av klage til Lindås forliksråd frå advokat Haaland, dagsett 21/9 1965 og vedkjem området ved Hundvinhopen.
  8. Utskrift av forhandlingsprotokoll i Lindås forliksråd i sak 47/65, vedkomande Hundvinhopen.
  9. Fullmakt av 24/9 -66 frå Johs. A. Hundvin til Leiduly Hundvin for møte i denne sak.
  10. Skriv av 29/9-66 frå Reidar Nesse og Arne Hundvin til jordskifteretten, innlegg vedk. vedlegg nr. 7.
  11. Fullmakt av 26/9-1966 frå Maria R. Hundvin til Audun Kristiansen, for å møte i denne sak.
  12. Utskrift av bygselkontrakt av 22. oktober 1872 vedkomande bygselplassen i Hundvinhopen.
  13. Skylddeling av 22. og 23/10 1879 for utskiljing av bnr. 10.
  14. Skøyte for bnr. 10 av 1/11 1879, tgl. 31/10-1879.
  15. Utskrift av utmarksutskifting av 1879/85 for gnr. 56, Hundvin.
  16. Kjøpekontrakt av 6/7 1892 frå Peder J. Marås til Rasmus P. Marås.
  17. Kårbrev frå Rasmus P. Marås til Peder J. Marås av 4/6 1895.
  18. Utskrift av skylddelingsforretning av 24. mars til 5. april 1889, vedkomande bnr. 12, 14 og 15.
  19. Avskrift av skylddelingsforretning av 7-8/september 1904 vedkomande bnr. 8, Hundven.
  20. Skriv til jordskifteretten udatert frå Reidar Nesse.
  21. Kart over Hundvin m. 1/250 opptatt av Statens havnevesen vedkomande Hundvinhopen, oppteke 1955.
- Dessutan vart hatt til stades i jordskifteretten:
1. Kart over utmarka til Søre Hundven oppteke 1883 av P.J.Julin.

Av dei tilstades hadde og framlagde dokument vart opplese so mykje som dei møtande fann turvande.

Dessutan vart no hatt til stades i retten eit fotografi frå Hundvindhopen oppteke ca. 1912.

No fekk saksøklarane ordet ved prosessfullmektigen sin advokat Haaland. Han klårgjorde no saksøklarane sitt syn på eigedomstilhøva vedkomande nausta ved sjøen ved Hundvindhopen og han la deretter ned denne

påstand:

Jordskifteretten skriv ned grensene for det ikkje utskifta område ved Hundvindhopen og fastset grensene for dei 3 nausttufter med oppdrag innanfor området som er eigd av gnr. 56, bnr. 7, 8 og 9 og fellesnaustet for bnr. 12 og 14.

Jordskifteretten skriv ned vegen frå riksvegen over bnr. 10 og vidare fram til dei 4 nemnde naustgrunnar og det andre sams området.

Deretter fekk dei saksøkte klårgjera sitt syn på saka og herunder hadde eigaren av bnr. 15, Bjarne Hundvin ordet og la ned denne

påstand:

Gnr. 56, bnr. 15 eig det omtvista området ved sjøen og grensa går etter djupålen frå brua over riksvegen nordvestover på sørvestsida av det sams naust til bnr. 12 og 14 og vidare i same retning til grensa mot bnr. 10 i djupålen av Slumpen og herfrå etter bnr. 10 si grense til marbakken i sjøen og vidare austover etter marbakken.

Dessutan fekk alle dei møtande avgjeva partsforklaring i samband med grensetvisten ved sjøen, men andre påstandar enn dei ovannemnde vart ikkje nedlagde.

Eigaren av bnr. 12, Reidar Nesse krev jordskifte av sameiga mellom bnr. 12 og 14 for stykket i Hundvindhopen og

krov også ordning og regulering av naustområdet ved Hundvindhopen.

Jordskifteretten tok synfaring saman med dei møtande og advokat Haaland og alle partane fekk no atter gjeva forklaring for sitt syn på åstaden.

Partane sa frå at dei ikkje hadde fleire skriftlege prov i saka, men likevel la advokat Haaland no fram protokoll for bygdebrygga ved Hundvindhopen.

Ingen av partane hadde vitner å føra i saka.

No møtte formannen for bygdebrygga Einar Hopland som godkjende innkallinga og samansetjinga av retten, han fekk og forklara seg vedkomande saka.

Det synte seg at det var full sameige mellom gnr. 56, bnr. 12 og 14 i det gamle byggeselbruk ved Hundvindhopen og retten fann at det var til føremun for både bruk å få dette jordstykket skifta, og gjorde vedtak om at jordskiftet vert å fremja og kart vert å taka opp av skiftefeltet og tvisteområdet for nausttuftene.

Alle partar godtok at varsel til seinare møter vert å gjeva med at rettsformannen varslar Fredrik Hundvin ved telefon som straks varslar alle dei andre partane.

Dette møtet kostar:

Jordskiftemann Sellevoll:

2 dagar + 1 natt	kr. 165,50	
skyss . . . . .	15,00	kr. 180,50
Overført . . . . .		kr. 180,50

overført . . . . . kr. 180,50

Jordskiftemann Eikanger:

2 dagar + 1 natt      kr. 165,50

skyss . . . . . " 15,00      " 180,50

porto . . . . . " 17,00

Sum      kr. 378,00

som førebels vart betalt av bnr. 7, 8 og 9 med  
kr. 126,00 kvar.

No la eigaren av bnr. 12, Reidar Nesse ned  
denne

Påstand:

Gnr. 56, bnr. 7, 8 og 9 har eigedomsrett til  
grunnen under nausta sine i Hundvinhopen og rett til  
båtoppdrag til nausta.

Resten av området ved Hundvinhopen er full  
eigedomsrett for gnr. 56, bnr. 12 og 14.

Deretter vart inngått denne

semje:

Underteikna Martinus Hundvin som har grunnbokheimel  
til gnr. 56, bnr. 14 i Lindås vedgår herved at den del av

felleskapet ved Hundvinshopen som er sameige mellom bnr. 12 og 14 og som ved jordskiftet skal tilfålla bnr. 14 skal skylddelast og eigedomsretten overførast ved jordskiftet til Arne Hundvin, fødd 8/6-1910, dette i samsvar med utloddinga i dødsbuet til foreldra våre.

Buet var slutta som bu nr. 65/1957 ved Nordhordland skifterett.

Bnr. 12 eigar Reidar Nesse skal i sameiga mellom bnr. 12 og 14 ved jordskiftet ha 43/84 og bnr. 14 sin del i sameiga skal ha 41/84.

Ovanstående semje vedteka.

Hundvin den 27. september 1966.

Martinus Hundvin. (s.)                      Arne Hundvin. (s.)

Reidar Nesse. (s.)

Rettsboka vart opplesa for:

Bjarne Hundvin, Martinus Hundvin, Audun Kristiansen, Reidar Nesse, Leidulv Hundvin, Einar Hopland, Arne Hundvin, Fredrik Hundvin og Johannes A. Hundvin.

Ingen merknad til leiinga av retten eller føringa av rettsboka.

Saka utsett.

Retten heya.

Hundvin i Lindås den 27/9-1966.

Sverre Aardal. (s.)

Ragnv. Sellevoll. (s.)

Johs. Eikanger. (s.)

År 1966, den 31. oktober vart jordskifterett  
atter sett på gnr. 56, Hundvin i Lindås herad  
i huset til Johannes Hundvin.

Rettsformann: Jordskiftedommar Sverre Aardal.

Jordskiftemenn: 1. Ragnvald Sellevoll, Kvamsvåg.  
2. Johannes A. Elkanger, Eikangervåg.

Protokollfører: Jordskifteteknikar Nils Klakegg.

Sak nr. 10/1965 - utsett etter rettsmøte av 27/9 1966.

Saka gjeld: Framhald av grensegang med regulering av  
naustområdet ved Hundvinhopen under gnr. 56,  
Hundvin i Lindås herad, og jordskifte av  
sameige ved Hundvinhopen mellom gnr. 56,  
bnr. 12 og 14, Hundvin i Lindås.

Til stades i retten var: Leidulv Hundvin, Johannes Hundvin,  
Arne Hundvin, Fredrik Hundvin, Reidar Nesse,  
Svein Konglevoll, Audun Kristiansen,  
Bjarne Hundvin og Martinus Hundvin.

Dei andre i saka interessera partar var innkalla  
men møtte ikkje.

Rettsmedlemene er dei same som ved rettsmøtet 26-27/9  
1966 og etter tilspurnad kom der ingen merknad til retten si  
samansetjing og retten sa seg gild i saka.

Den tvist om grensene og eigedomstilhøva for naustom-  
rådet ved Hundvinhopen under gnr. 56, Hundvin og som var  
handsama under rettsmøtet 26-27/9 d.å. vart no teken opp til  
avgjerd i jordskifteretten som avsa samrøystes denne

Orskurd:

Partane i denne tvisten er dei som er oppførde som  
saksøklarar nr. 1 til og med nr. 3 og dei saksøkte nr. 1  
til og med nr. 4 under rettsmøtet 26-27/9 d.å.



Twisteområdet ligg nordvest for den offentlege kai ved Hundvinhopen og gjeld det flate partiet nede ved sjøen der det tidlegare har stått naust og er intekna på no opp-teikna kart over ein del av gnr. 56, Hundvin oppteke av Nils Klakegg, tvisten gjeld eigedomsretten og fastleggjing av grensene og svarar til kartfigur nr. 17 på kartet.

Advokat Haaland som prosessfullmektig for eigarane av gnr. 56, bnr. 7, 8 og 9 har lagt ned denne

påstand:

Jordskifteretten skriv ned grensene for det ikkje utskifta område ved Hundvinhopen og fastset grensene for dei 3 nausttufter med oppdrag innanfor området som er eigd av gnr. 56, bnr. 7, 8 og 9 og fellesnaustet for bnr. 12 og 14.

Jordskifteretten skriv ned vegen frå riksvegen over bnr. 10 og vidare fram til dei 4 nemnde naustgrunnar og det andre sams området.

Eigaren av gnr. 56, bnr. 15, Bjarne Hundvin har lagt ned denne

påstand:

Gnr. 56, bnr. 15 eig det omtvista området ved sjøen og grensa går etter djupålen frå brua over riksvegen nordvestover på sørvestsida av det sams naust til bnr. 12 og 14 og vidare i same retning til grensa mot bnr. 10 i djupålen av Slumpen og herfrå etter bnr. 10 si grense til marbakken i sjøen og vidare austover etter marbakken.

Derefter la eigaren av gnr. 56, bnr. 12, Reidar Nesse ned denne

påstand:

Gnr. 56, bnr. 7, 8 og 9 har eigedomsrett til grunnen under nausta sine i Hundvinhopen og rett til båtoppdrag til nausta.

Resten av området ved Hundvinhopen er full eige-  
domsrett for gnr. 56, bnr. 12 og 14.

Retten skal gjera merksam på at mekling vart prøvd  
vedkomande tvisten uten resultat.

Partane i saka har avgjeve partsforklaring og vart  
formana og gjorde kjende med ansvaret ved partsforklaring.

Ingen vitner vart førd i saka.

Eigarane av bnr. 7, 8 og 9 har ved sin prosessfull-  
mektig halde fram at naustområdet ved Hundvinhopen ikkje  
har vore med ved tidlegare jordskifte og dette går fram av  
utskriftene frå utskiftingane, men tydelegaste synar jord-  
skiftekartet over utmarka til Søre Hundvin dette. Her er  
naustområdet ikkje innteikna og dette må vera prov for at  
området ikkje høyrde til utmarka til Søre Hundvin åleine.  
Dette var naturleg då der og stod naust i eldre tid som  
høyrde til på Nordre Hundvin for her stod nausta til bnr. 7  
og 8. Med omsyn til at området skulle vera eigedom for  
bnr. 12 og 14 er der ikkje noko dokument som synar dette.

Han meinte at i eldre tid hadde der stått 4 naust på  
tvisteområdet det var nausta til bnr. 7, 8 og 9 som var  
nytta av desse bruk åleine og dessutan hadde der stått eit  
fellesnaust for bnr. 12 og 14.

Det viste seg at ved utmarksutskiftinga av utmarka  
til Søre Hundvin, slutta 20/4 1885 har bnr. 11 fått rett å  
setja opp naust på området der meieriet i dag er og dette  
synar at på den tid må dei andre bruka ha hatt sine naust-  
rettar før, men bnr. 11 har då ikkje hatt naustplass og fekk  
difor tildelt naustplass under utskiftinga.

Når bnr. 12 i 1898 vert delt i 3 bruk er det sagt  
at bruket sitt naust som då stod innan tvisteområdet skulle  
vera felles for bnr. 12 og 14, men dette viser at bnr. 15

ikkje skulle ha del i naustet til bnr. 12 eller dei sjørettar som bruket hadde før delinga i 1898.

I 1873 bygsla eigarane av bnr. 9, 11 og 12 bort sitt eigedomsområde ved Hundvinhopen, men det må vera klårt at dei då ikkje kunne bygsla bort naustområdet ved sjøen for dette var eit fellesområde for Søre og Nordre Hundvin.

Eigaren av bnr. 15, Bjarne Hundvin held fram at skylddelinga frå 1898 for bnr. 14 og 15 tilseier, etter den grense som der er skriva for bnr. 15, at tvisteområdet er lagt til bnr. 15. I grensebeskrivelsen er sagt at bnr. 15 grenser i vest til sjøen og i nord til Hundvinshopen og Hundvinshopen er namnet på bnr. 10 som dette bruk fekk under skylddelinga av bnr. 10 i 1879. Han meiner difor at dette er prov for at bnr. 15 må strekka seg so langt nordover som til grensa for bnr. 10 i Slumpen. Av dette føl at naustet hans står på eigen eigedom.

Reidar Nesse eigar av bnr. 12 held fram at han ikkje krov å ha eigedomsretten under nausta til bnr. 7, 8 og 9 men resten av tvisteområdet meinte han var eigedom for bnr. 12 og 14 som sameige og han meinte at det var prov for dette ved den grenseskrivinga som er nytta i bygselkontrakta av 22. oktober 1872 der bnr. 9, 11 og 12 bygslar bort fellesområdet sitt ved Hundvinhopen til Mikkel Gudmundsen Konglevoll.

Jordskifteretten skal merka:

Dette tvisteområdet gjeld eit mindre parti som ligg nord for kaien på gnr. 56, Hundvin. Området som er tvist om er ein lang og lav bergrygg som strekkjer seg nordvest-over frå eit lite sund straks nord for kaien. Denne bergryggen er landfast med eit lågare parti som ligg lenger nord og på nordsida av dette låge partiet stikk ei

sjøvik seg inn og denne vert kalla "Slumpen". På dette lågare parti står i dag restane av grunnmurane etter to naust. Elles syner steinlag at der truleg har stått fire naust på området, men der ville ikkje vera plass til fleire naust enn dei fire, for det eine naustet skulle vera eit større naust som var sams for bnr. 12 og bnr. 14.

Saksøkjjarane meiner at der har vore naust for bnr. 7, 8, 9 og eit sams naust for bnr. 12 og 14.

Dei saksøkte meiner at det er tvilsamt om bnr. 9 har hatt naust i dette området, då der idag ikkje er nokon som kan minnast at bnr. 9 sitt naust sto her. Johannes Hundvin som i dag er 74 år har i si partsforklaring sagt at han som ungdom kunne minnast at der låg stokkar aust for der naustet til bnr. 8 sto og desse tømmerstokkane var truleg rester etter naustet til bnr. 9 og han hugsar at Rasmus, som då eigde bnr. 12, hadde sagt til han at det var der naustet til bnr. 9 eller Fredrik skulle stå. Fredrik Hundvin som i dag eig bnr. 9 har forklært at far hans hadde synt han staden der naustet deira skulle stå. Han hadde også alltid lagt båten sin der han meinte at naustplassen skulle vera og han hadde ikkje høyrte at nokon hadde protestert på det.

Naustet til bnr. 12 og 14 vart truleg nedrive i ca. 1917-18 og naustet til bnr. 7 sto i brukande stand fram til ca. 1945. Naustet til bnr. 8 var i brukande stand til ca. 1920.

Bnr. 8 har hatt naust på Buvollssanden og dette ligg i Nordre Hundvin si utmark. Dette naustet var bygd før 1900, men var oppbygd av sonen til dåverande eigar på bnr. 8 avdi han ikkje ville ha naust saman med far sin.

Det er difor vorte sagt frå saksøklarane at dette naust soleis ikkje har noko å gjera med bnr. 8 sine rettar innan tvistefeltet i denne sak.

Ein skal dessutan merka seg at bnr. 1 som ikkje er part i denne tvisten har sitt naust på bnr. 10 og dette naust ligg straks nord for tvistefeltet.

Dette syner at nausta på Hundvin har frå gammalt vore konsentrert på og ved tvisteområdet. Jordskifteretten meiner at området har peikt seg naturleg ut som naustplass for bruکا på Hundvin.

Av dette føl. at området berre har vore nytta til naustplass og anna bruk i samband med nausta. Desse rettane eller disponering av området er såleis mykje eldre enn dei eldste dokument i denne saka. Det eldste dokument ein har i saka er bygselskontrakt av 1873. Området har vore heilt utnytta til naustområde og noko anna utnytting av området har der ikkje vore. Jordskifteretten legg difor så stor vekt på den sterke bruk i eldre tider at ein må seia at eigedom retten til området har høyrte til dei som har hatt naust der. Saksøklarane meiner at området ikkje har vore med ved jordskifte eller utskifting. Dette er retten sand i, men jordskifteretten meiner også at uklære grenseskrivingar i framlagde dokument må vika for den eldre bruk.

Nokon aktivitet frå andre enn nausteigarane har der ikkje vore, før heilt i dei par siste år.

Ein siktar då til at eigaren av bnr. 15, Bjarne Hundvin, for nokre år sidan fekk lagt opp noko skjelsand og stein på området ved utmuddingsarbeid.

Jordskifteretten finn at der ikkje har vore synt nokon aktivitet frå dei saksøkte si sida i det heile teke

og då kan ikkje naustelgarane ha tapt sin gamle rett ved den passivitet som dei har synt i dei siste 20-40 år.

På utskiftingskartet for søre Hundvin utmark, oppteke 1883 er tvisteområdet ikkje avteikna, for strandlina er teikna immanfor tvisteområdet. Heile tvisteområdet og ein holme som låg nett sør for tvisteområdet er ikkje kome med. Dette kan koma av at tvisteområdet ligg nokså lågt, men det kan også koma av at tvisteområdet då var sett på som sams eigeedom for både Søre- og Nordre Hundvin, for bnr. 7 og 8 som både naust på tvistefeltet høyrer til Nordre Hundvin og desse var ikkje partar ved utskiftinga på Søre Hundvin.

Jordskifteretten vil no gå over til å drøfta dei dokument som er viste til vedkomande tvisten.

Det eldste dokument ein har er bygselkontrakt av 22/10-1872 der eigaren av bnr. 9, Fredrik Nilsen, eigaren av bnr. 11, Lars Nilsen og eigaren av bnr. 12, Kristian Monsen alle tre i lag bygslar bort til Mikkel Gudmundsen Konglevoll eit stykke jord ved Hopen. Det bortbygsla området ligg i samband med tvistefeltet og strekkjer seg aust- og nordover frå tvistefeltet. Grensa for bygselsområdet ved tvistefeltet er skriva slik: "I Ost begrenses det av det saakaldte Torevand i Syd af den bek, som gaar frå Torevandet til Sjøen, i Vest af Sjøen, i nord af " Her syner det seg at dei skriv at området grensar til sjøen, men i same bygselkontrakt er sagt: "Da ovennævnte Jord- og Grundstykke er beregnet til Handelsted fraskriver si oss al ret til at lade nogen andre end nævnte Bygselmand drive Handel paa vor Eiendom." Mikkel G. Konglevoll tok straks til med handel på

bygselplassen. Men det var likevel ikkje lenge etter før ein annan også tok til med handel i Hundvinshopen. Den siste vart i dagleg tale kalla "Johannes i lukta" og han handla då i 2 dre høgda av naustet til bnr. 8 som då sto på tvisteområdet. Jordskifteretten meiner at dette er eit svært sterkt prov for at tvisteområdet ikkje var eigedom for bnr. 9, 11 og 12 og som hadde bygsla bort til Konglevoll, for hadde det vore berre bnr. 9, 11 og 12 sin grunn ville Konglevoll ikkje tolt sin konkurent, men eigedomsretten låg også til bnr. 7 og 8.

Hadde dei som har naust på tvistefeltet då berre hatt bruksrett til naust, ville denne bruksrett ha vore for svak til også å driva handel på. Dette syner då at tvisteområdet må ha vore til eigedom og ikkje berre til bruk. Det har også kome fram at klausulen og verknaden av den hadde vore mykje drøfta på det aktuelle tidspunkt.

Ved skylddeling av 22-23/10 1879 vert so bygseleplassen delt mellom bnr. 9 og 11 på den eine sida og bnr. 12 på den andre sida. Bnr. 9 og 11 sin del vert då frådelt som bnr. 10 og overdregen ved skøyte av 1/11 1879 til Mikkel Gudmundsen Konglevoll. I desse dokument er ingenting som kan klårgjera tvisten. Det einaste kan vera at der er nytta "Hundvinshopen" som namn på bnr. 10. Dette uttrykket Hundvinshopen vil retten koma attende til seinare i samband med skylddelinga for bnr. 14 og 15.

I åra 1879-85 var der halde utskifting av utmarka til søre Hundvin, men i denne utskiftinga var ikkje bygselområdet, som då var bnr. 10 og 12 sin eigedom med, for det som før var bygselområdet var halde utanom jordskiftet. Dette bygselområdet er likevel kome med på kartet. Det er ikkje tvisteområdet eller naustområdet.

I utskiftinga av 1885 er likevel sagt:

"Eierne af nordre og søndre Hundvin forbeholdt sig de samme Rettigheder ved Søen som de hidtil har havt."

Lars Nilsen har Ret til at opføre Nøst paa vestre side af det saakaldte Sælsnøst i nordre Ende af Nøstrenen og bruger han den gamle Vei til samme!"

Her ser ein at rettane til Nordre- og Søre Hundvin ved sjøen er som før utskiftinga. Dessutan er det sagt at bnr. 11 eller Lars Nilsen som eigaren då heitte skulle få rett til å setja opp naust ved sjøen ved Hundvinhopen. Denne naustplass ligg der meieriet idag har sin eigedom. Men det syner at dei andre bruka på Hundvin måtte ha hatt naustplassar på denne tid og dette er soleis eit indirekte prov for at bnr. 9 på den tid hadde naustplass som dei andre bruka på Hundvin godkjende.

I 1898 den 24. mars til 5. april var der halde skylddeling der Emma Katrine Jonsdatter som då eigde bnr. 12, skil ut bnr. 14 til Lars Kristiansen Hundvin og dessutan skil ut bnr. 15 til Mons Kristiansen.

Bnr. 15 vart då tildelt eit område ved Naustrinden som ligg sør for tvisteområdet. No går påstanden til bnr. 15 eller Bjarne Hundvin ut på at han ved skylddelinga i 1898 vart tildelt nesten heile tvistefeltet eller naustområdet like nord til grensa mot bnr. 10 ved Slumpen. Lottinga for bnr. 15 sin teig her er i skylddelinga av 1898 skriva slik: "Det stykket af søndre udmark, som altså i øst og sydøst har denne grænselinje samt i vest begrændses af søen og i nord af Hundvinshopen, Torevandet og Liens indmark, bestemtes som udmark til parsel no 2 eller Lien!"

No meiner visst eigaren av bnr. 15 at med Hundvénshopen



som er brukt i lottinga for bnr. 15 er i realiteten meint grensa mot bnr. 10 i Slumpen og dette kjem av at namnet på bnr. 10 er i skylddelinga for bnr. 10 fastsett til "Hundvinhopen". Jordskifteretten trur likevel ikkje at det er meint grensa mot bnr. 10 med uttrykket Hundvinhopen, for ser ein lenger bak i same skylddeling for bnr. 14 og 15 er der brukt namnet "Hundvenhopen" på bygselplassen som etter skylddelinga framleis skulle høyra til bnr. 12. Det syner seg soleis at Hundvinhopen er brukt om bygselsplassen, men det er også namnet på den smale sjøbukta som skjær seg inn sør for tvistefeltet eller naustområdet. Jordskifteretten meiner difor at grensa for bnr. 15 gjekk til grensa mot bnr. 12 som då eigde den holmen som Meieriet, brygga og lagerhuset for brygga står på no i dag.

Seinare har så bnr. 15 fått setja naustet sitt nordst på denne holmen som då var eigd av bnr. 12, men naustet til bnr. 15 står nok idag på eigande grunn. Her må likevel vera att rett for dei andre partane å festa båtar i landet vest for bnr. 15. Noko anna har heller ikkje vore påstått i samband med dette området.

I skylddelinga for bnr. 14 og 15 er sagt:

"Brugets baadnøst med tomt samt øvrige rettigheder ved søen i Hundvinshopen bliver fælles eiendom for den tilbageværende del af bruget og parsel no 1 - - - - -"

Det her siterte frå denne skylddelinga for bnr. 14 og 15 har jordskifteretten festa seg serleg ved. Ein må her ha klårt for seg at bnr. 14 og 15 i denne skylddeling vert frådelt frå bnr. 12. Her er sagt at tomten under naustet til bnr. 12 då var eigedom og det som er utanom tomten under naustet til bnr. 12 har vorte kalla "øvrige

rettigheter ved søen i "Hundvønhopen".

Ein trur at dette var rettsoppfathinga for dette området på den tid.

Altså tomtane under nausta var eigedom, men området rundt nausta var "rettigheter", men når bnr. 12 og bnr. 14 (ved skylddeling også fekk medeigedom) berre hadde "rettigheter" kven skulle då ha eigedom retten rundt nausta, for det er nettopp desse bruk som påstår å ha eigedom retten rundt nausta.

Etter dette er jordskifteretten komen til at heile tvisteområdet er sameige mellom gnr. 56, bnr. 7, 8, 9, 12 og 14 med særeige til grunnen under sine gamle naust.

Eigaren av bnr. 10 har ikkje protestert på at naustvegen for bnr. 7, 8, 9, 12 og 14 går over bnr. 10 sin eigedom frå naustområdet og fram til den offentlege vegen.

#### Slutting.

1. Grensa for det sams eigedomsområdet til gnr. 56, bnr. 7, 8, 9, 12 og 14, Hundvøin i Lindås tek til i marbakken i sjøen og går i nordaustleg retning etter djupålen av

innlaupet til hamna i Hundvinhepen straks nord for  
naustet til bnr. 15 og går fram til strandlina på  
nordøstre sida av hopen, herfrå føl grensa nord-  
austre strandlina nordvestover til nordste bukta i  
hopen og vidare i same retning etter foten av fjell-  
hamaren til grensa mot bnr. 10 inst i Slumpen og her-  
frå går grensa etter djupålen av Slumpen sørvestover  
til marbakken i sjøen.

Innan dette området har bnr. 7, 8, 9, 12 og 14  
sine gamle nausttufter som sereigedom.

2. Eigarane av gnr. 56, bnr. 7, 8, 9, 12 og 14 har rett  
på sin gamle naustveg over bnr. 10 sin eigedom langs  
brygga og fram til og framom naustet til bnr. 1 og her-  
frå på vestsida, sørsida og austsida av naustet til  
bnr. 1 og søraustover til riksvegen.

Verde av tvisteemnet er for kvar av partsgruppene  
over kr. 500,00.

No tok jordskifteretten opp kravet om regulering av  
nausttuftene. Det synt seg då at naustområdet ligg alt  
for lavt til at det kan verta gode naustplassar og difor

var der no forhandla med eigaren for bnr. 12 og

Arne Hundvin som eig området aust for naustområdet.

Partane vart då einige om at grensa for naustområdet kunne trekkast lenger austover og at eigarane på naustområdet kunne få rett å skyta ut steinmassar her for å fylla opp naustområdet og dessutan rett til veg frå midtgangen for dei regulerte nausta nordover over det i denne sak nyskylddelte bruk og fram til riksvegen, og vegen kan utbetrast til god gangveg.

Jordskifteretten arbeidde deretter ut ein plan for regulering av naustområdet med plass til 6 naust. Dette kjem av at Arne Hundvin sitt nyskylddelte bruk skulle få nausttomt her som vederlag for utvidinga av naustområdet mot aust og dessutan gjekk det inn i vederlaget at det sams naust for bnr. 12 og 14 skulle etter reguleringa utleggjast med kvar si tomt.

Jordskifteretten fann det rettaste at partane fekk full sereigedom til sjølve naustgrunnane men området elles skulle vera sameige og til sams bruk for naust-eigarane.

Grensene for naustområdet etter reguleringa vert då slik:

Grense 1, mellom sams naustområde for gnr. 56, bnr. 7, 8,

9, 12, 14 og nyskylddelt bruk til Arne Hundvin i denne sak på sørvestsida og Arne Hundvins nyskylddelte bruk på notsette sida - tek til i gamal kross i fjell (1) i grensa mot bnr. 10 ca. 2 m frå sjøen og går i rett line SA 29,5 m til kross i fjell (2), her vinklar grensa og går SV ca. 2 m til strandlina.

Grense 2, mellom sereigeteigar for bnr. 8, 9 og 12 på

søraustsida og sams naustområde for bnr. 7, 8,

9, 12, 14 og nyskyldelt bruk til Arne Hundvin på motsette sida - tek til i kross i fjell (3) og går NA t N i rett line 13 m til eit punkt som ligg på rettlina til kross i fjell (4) inne på Arne Hundvins nye bruk.

Grense 3, mellom sereigeteigar for bnr. 8, 9 og 12 på nordvestsida og sereigeteigar for bnr. 7, Arne Hundvin sitt nyskyldelte bruk og bnr. 14 på motsette sida og grensa tek til i kross i fjell (5) og går NA t N i rett line 13 m til eit punkt som ligg på rettlinja til kross i fjell (6) inne på Arne Hundvin sitt nye bruk.

Grense 4, mellom bnr. 7, Arne Hundvin sitt nyskyldelte bruk og bnr. 14 på nordvestsida og sameiga for bnr. 7, 8, 9, 12, 14 og Aene Hundvin sitt nye bruk på motsette sida - tek til i eit punkt 1,5 m nordaust for kross i fjell (7) og går i rett line NA t N 13 m til eit punkt som ligg på rettlina til kross i fjell (8) inne på Arne Hundvin sitt nye bruk.

Grense 5, mellom bnr. 8 på nordaust sida og naustsameiga på motsette sida - tek til i grensemerke (3) og går SA i rett line 8,3 m til kross i fjell (5).

Grense 6, mellom bnr. 7 på nordaust sida og naustsameiga på motsette sida tek til i grensemerke (5) og går i rett line SA t A 8,7 m til eit punkt i grense 4 1,5 m nordaust for grensemerke (7).

Mellom grense 2 og 3 ligg naustgrunnane til bnr. 8, 9 og 12. Bnr. 8 sin naustteig går paralelt med grense 5 og har ei breidd av 4 m, so kjem veg mellom nausta med 0,5 m breidd. Deretter kjem naustteigen til bnr. 9 med 4 m breidd og deretter kjem 0,5 m breid veg og til slutt kjem naustteigen til bnr. 12 med 4 m breidd. Alle her nemnde grenser er paralelle med grense 5.

Mellom grense 3 og 4 ligg naustgrunnane til bnr. 7, Arne Hundvin sitt nyskyldelte bruk og bnr. 14. Bnr. 7 sin naustteig går paralelt med grense 6 og har ei breidd av 4 m, so kjem veg mellom nausta med 0,5 m breidd. Deretter kjem naustteigen til Arne Hundvin med 4 m breidd og deretter kjem 0,5 m breid veg og til slutt kjem naustteigen til bnr. 14 med 4 m breidd. Alle her nemnde grenser er parallelle med grense 6.

På båd sider av grense 3 skal vera ein midtgang mellom nausta på 0,75 m til kvar side slik at ingen av nausta kan koma nermare kvarandre enn 1,5 m mot midtgangen. Elles kan grunnmurane for nausta byggjast like ut til grensene og raften kan koma utanom.

Avstanden mellom grensemerke 3 og grensemerke 4 er 18,6 m, og avstanden mellom grensemerke 5 og 6 er 20,5 m og avstanden mellom grensemerke 7 og 8 er 21,2 m.

Kvar nausteigar har rett å byggja seg serskilde lunnar inntil nausta sine.

Ved utskyting av masse har nausteigarane rett å koma lenger nordaust enn grense 1 om det er turvande.

Dei 6 partane iman naustområdet er vorte samnde om at dei ilag skal skyta ut dei turvande fjellmassar for utplanering av nausttomtane og fylling for lunnar. Ved denne skyting må det påsjåast at det vert nok utskote slik at det vert plass for nausta til bnr. 12 og 14, ved same utskyting skal der utskytast slik at der vert godt brukande oppdrag til nausta å t bnr. 7 og 8.

Ved dette sprenging- og utplaneringsarbeid er partane vorte samnde om at arbeid og kostnød skal delast slik:

Eigaren av bnr. 7, skal svara 7/36

Eigaren av bnr. 8,	skål	svara	7/36
" " " 9,	"	"	7/36
" " " 12,	"	"	5/36
" " " 14,	"	"	5/36
Arne Hundven	"	"	<u>5/36</u>
		Sun	<u>36/36</u>

Formann for dette arbeidet skal vera eigaren av bnr. 9, Fredrik Hundvin som skal kunna taka avgjerd åleine om partane ikkje vert samnde om utføringa av arbeidet.

Dei her nemnde 6 nausteigarar har rett å settja opp og å bruka fortøyningsboltar for båtfeste på båe sider av Hopen søraust for nausta.

Ingen må fortøya båt nærare grense 4 enn 7 m.

Nausteigarane har rett å setja namneskilt på sine fortøyningsboltar.

Det som er innanfor det her skrivne naustområde og som ikkje frananfor er undanteke er sameige og til sams bruk for bnr. 7, 8, 9, 12 og 14 og nyskyldelt bruk i denne sak til Arne Hundvin.

Jordskifte mellom bnr. 12 og Arne Hundvin:

Bnr. 12 og bnr. 14 har hatt ei sameige i Hundvinhopen som er kravd skift i denne sak. Bnr. 14 sin del skal under jordskiftet overførast og skylddelast til Arne Hundvin. Skylddelinga er godkjend av Fylkeslandbruksstyret i Hordaland i skriv til jordskiftedommaren av 14. oktober 1966, vedlegg nr. 22 og jordskiftekart oppteke 1966 av N. Klakegg er framlagt og godkjend av partane som vedlegg nr. 23.

Jordskifteretten finn at det er ein føremun å få dette skifta og har vurdert jordskiftefeltet som byggjeland. Planen vart synt partane i marka og partane hadde ikkje noko

å innvende mot planframlegget og jordskifteretten fastsette delingsplanen.

Grensene vert å skriva slik:

Yttergrensa tek til i gamal kross i fjell (1) i grensa mot bnr. 10 ca. 2 m nordaust for Slumpen og går NA 4,9 m til kross i fjell (9) og vidare i same retning 2 m til eit punkt. Her vinklar grensa og går slik som skriva i skylddeling av 22-23/10 1879 for bnr. 10 gjennom grensemerka 10, 11 og grensemerke 12 som ligg ca. 5 m aust for riksvegen. Frå kross i fjell nr. 12 som er sistskrivne punkt går grensa i rett line A t N 34 m til vinkelen av steingarden og herfrå etter midten av steingarden aust og søraustover ca. 50 m til Torevatnet og herfrå sørover etter djupålen i Torevatnet ca. 190 m til vestre grensa for bnr. 33, herfrå sørover etter grensa mot bnr. 33 til sjøen og herfrå etter strandlina nordvestover ca. 55 m til grense 1. Jordskiftefeltet ligg innanfor den her skrivne yttergrensa og grense 1.

Grensene innan skiftefeltet:

Grense 7, mellom gnr. 56, bnr. 12 på søraustre sida og det

i denne sak nyskyldelte bruk til Arne Hundvin på motsette sida tek til i grensemerke (2) i grense 1 og går NA i rett line 8 m til kross i fjell (13) og same retning 1,3 m til riksvegen.

Grense 8, mellom gnr. 56, bnr. 12 på nordre- austre- og

nordre sida og det i denne sak nyskyldelte bruk til Arne Hundvin på motsette sida, tek til i yttergrensa i gamal kross i fjell (10) og går i rett line NA over riksvegen 19 m til kross i fjell (14) på austsida av riksvegen, her vinklar grensa og går i rett line SA t S 30,5 m til kross i fjell (15), her vinklar grensa og går i rett line



ANA 32,5 m til kross i fjell (16) ved Torevatnet og vidare i same retning til yttergrensa i Torevatnet.

Lotting.

Litra D, gnr. 56, bnr. 12 er utlagt i 2 teigar, eigar

Reidar Nesse:

1. Nordste teigen - omgjeven av grense 8 og yttergrensa frå utgangspunktet til grense 8 og nord - aust - og sør- over til endepunktet av grense 8.
2. Sønste teigen - omgjeven av grense 7 og yttergrensa i sjøen søraustover til riksvegen og riksvegen.

Litra F, gnr. 56, bnr. , nyskylddelt bruk i denne sak til Arne Hundvin er utlagd i ein teig omgjeven av grense 1, grense 7, riksvegen herfrå søraustover til yttengrensa mot bnr. 33, yttergrensa herfrå nordover gjennom Torevatnet til endepunktet av grense 8, grense 8 og yttergrensa mellom grense 8 og grense 1.

Vegar og ymse.

Alle tidlegare vegar innan jordskiftefeltet er urørd av saka og vert som før.

Den gamle brønn på kartfigur 13 på bnr. 12 sin nye teig er urørd av saka og vert som før.

Den sams utskrift av saka saman med kopi av jordskiftekartet vert å taka vare på av eigaren av gnr. 56, bnr. 9 til sams bruk for alle i saka interessera partar.

Eigaren av bnr. 15, Bjarne Hundvin har innan 15. februar 1967 rett å taka bort den skjelsand han no har lagra på naustområdet og dessutan å taka bort til same tid den stein han ved muddingsarbeidet la opp på naustområdet.

Skytings- og planeringsarbeidet på naustområdet skal vera utført innan 20. juni 1967.

Skylddeling.

I samsvar med senje av 27/9 1966 har eigaren av gnr. 56, bnr. 14, Martinus Hundvin kravd skylddeling for å få skylddelt frå bnr. 14 den lut som i denne sak er lotta til litra F og som skal overdragast til Arne Hundvin.

Jordskifteretten finn å kunna stetta kravet om skylddelinga.

Arealet av den fråskilde lut er 4,3 dekar.

Grensene og eigedomstilhøva for den fråskilde lut er skriven frammanfor i denne sak.

Gnr. 56, bnr. 14 har skyld av 1,58 skyldmark skylda til den fråskilde lut vert sett til 4 øre.

Gnr. 56, bnr. 14 får att ei skyld av 1,54 skyldmark.

Parsellen fekk bruksnamnet Sjøtun IV og i matrikkelen oppført som gnr. 56, bnr. i Lindås herad.

Den fråskilde lut har ingen rettar utanom grensene sine.

Ein vitnar at ein ikkje har laga noko ny sameige ved delinga.

Ymse - framhald.

På Sønste teigen til bnr. 12 står i dag 2 naust som er avlagde på kartet som kartfigur 18 og 19. Alt vedkomande desse 2 naust er urørd av saka og vert som før.

Kostnader.

Rettsmøte 26-27/9 1966 kr. 378,00

Dette møtet kostar:

Jordskiftemann Sellevoll:

3 dag + 1 natt	kr. 241,50	
skyss	" 71,20	kr. 312,70

Jordskiftemann Bikanger:

3 dag + 1 natt	kr. 241,50	
skyss	" 19,50	" 261,00

Tinglysing . . . . . " 120,00

Gebyr ved skylddeling . . . . . " 30,00

Handlangarhjelp . . . . . " 48,00

Telefon og porto m. m. . . . . " 11,10 " 782,80

Sum kr. 1160,80

som etter retten sitt skjøn vart delt på partane soleis:

Gnr. bnr.	Namn	Skal bet. kr.	Har bet. kr.	Tilgode kr.	Skyld. kr.
56 7	Marie R. Hundvin	110,-	126,-	16,-	
56 8	Johannes A. Hundvin	110,-	126,-	16,-	
56 9	Fredrik Hundvin	110,-	126,-	16,-	
56 12	Reidar Nesse	260,-			260,-
56 14	Martinus Hundvin	110,-			110,-
56 15	Bjarne Hundvin	200,-			200,-
56	Arne Hundvin	260,80			260,80
		<u>Sum 1160,80</u>	<u>378,00</u>	<u>48,00</u>	<u>830,80</u>

Tilgodehavande summer ved jordskiftekostnadene vart attendebetalte og alle skuldige jordskiftekostnader vart betalte i rettsmøtet.

Jordskiftemennene vart utbetalte.

Kunngjering:

Framanstående sak vart kunngjort etter at tid og stad var gjord kjend for alle partane. Kunngjeringa vart gjord ved opplesing av rettsboka i huset til Johannes Hundvin den 3. november 1966.

Iverksetjing.

Framanstående sak vort sett i verk etter lova den 15. januar 1967.

Til stades ved opplesinga av rettsboka var:  
Audun Kristiansen, Arne Hundvin, Reidar Nesse, Magne Hundvin, Bjarne Hundvin, Martinus Hundvin, Fredrik Hundvin og Johannes Hundvin.

Rettsformannen gav opplysing om ankereglane.

Etter tilspurnad frå rettsformannen kom der inga innvending mot leidinga av retten eller føringa av rettsboka.

Retten heva.


Hundvin i Lindås, 3. nov. 1966.

Sverre Aardal. (s.)

Ragnv. Sellevoll. (s.)

Johs. Eikanger. (s.)

Rettsavskrift:



Gratis med av  
Spillelova 884